

10.06.2010

**Sommarferiestart for eslane!**

**Vi skriv juni og det tyder sommarferiestart for mange, også for eslane Bianga (9) og Bernard (3).**

**Dei er no, som tidlegare om sommaren, å finna i det grøne hos Egil Pile i Kvednavikjo.**

Elles i året bur dei på Tveito gard i Høylandsbygd på Halsnøy som blir dreve under det pedagogiske opplegget 'Inn på tunet' av Gunnvor Ullebust.

Som i tidlegare somrar vekker Bianga og Bernard stor oppsikt blant dei vegfarande.

Dei er trivelege dyr som blir karakteriserte som både sosiale, snille, kloke og godmodige. Med andre ord er dei godt eigna i ein pedagogisk samanheng.

(Foto: Ola Matti Mathisen)